

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Trysil.

Emne: Lynging og mosing.

Bygdelag: Flendalen.

Oppskr. av: Andreas Ropeid.

Gard:

(adresse): NEG.

G.nr. 26. Br.nr. 9.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fer O. Elgshøen, f. på Elgshøen 1880. Bonde.

## SVAR

I A. 1. Lyng vart brukt som fôr i Trysil, men ikkje på Elgshøen. Lyng var naudfôr.

Kjenner ikkje til at lyng vart brukt under siste verdskrigen, men det kan ha vore tilfelle på småbruk. Ein hadde slutta å bruka syng som fôr før 1900.

2. Lynsen vart sanka både haust og vår. 'eit ikkje hav dei kalla arbeidet (ta, rive lyng?).

3. Lynsen vart tatt med ei jønnrive.

4. Det vart rekna for hardt arbeide å rive lyng. Det vart difor rekna for mannfolkarbeid, men det hende nok òg at kvinnfolka måtte vera med.

5. Kjenner ikkje til kor ofte ein kan rive lyng på samme staden.

6. Lynsen vart lagt i hop i haugar passe til eit lass og kjørt heim på vinterføre. Høgen hadde då snekt ihop seg (frose ihop) så han var lett å velte opp på sleden.

7. Lynsen vart kjørt heim etterkjørt som ein trong han.

8. Det er kyrne som ét lyng. Dei får oftast litt mjøl til om ein hadde, litt høy attåt.

Lynsen vert ikkje hakka, det F.C.E. veit. Han kjenner heller ikkje til kor mykje lyng kyrne fekk og kor mykje ein trong om vinteren. Lynsen var naudfôr, vart sanka om hausten dersom ein sag at det andre føret ikkje ville strekka til eller om våren om det viste seg at ei fekk for lite.

B 1-4. Lyng vert ikkje nytta som beite.

11781

II. 1. Ein sankar ennå mose kvart år, men det vert tatt noko mindre ehn før.

2. Ein sankar mose for heile vinteren; mose kan ikkje kallast attåtfør, den er fast lekk i fóringssystemet.

3. Ein likar best å sankar mose i noko vått vær, for mosen er lettast å rive når han er litt vat. Det bør ikkje vera reyn, skodden er bra.

4. Nå er det helst mannfolk som drag avgårde for å samla mose, men før var det óg kvinnfolk med.

Her på Elgshaen reknar dei 2 - 3 dagar på turen, men det kan variera for heile bygda. Det spørst kor lang veg ein har, og kor mykje mose ein skal ha.

Elgshaen ligg så nær moseplassane at ein går heim om natta, men dei som har lenger veg, ligg i koier eller setrar etter som det høver. Det er ikkje sett opp koier til slik overnatting.

5. Før reiv ein mosen med rive, nå nyttar dei oftast greip. Det første F.O.E. kjenner til, var det ei trerive, større enn ei vanleg høyrive. Seinare k om jønriver: river med trehovud og jerntinnar.

Ein rakar mosen saman med same riva som ein reiv dei med.

6. Ein ber ikkjemosen heim med ein song.

7. Ein legg mosen i haugar (høger) som er frosna slik at dei lett kan veltast opp på sleden. Nokre legg ris eller barkvist under så haugen speker (frys) saman med bakken. For 15-20 år sidan tok dei til å nytta karmar høveleg store til eit lass. Dei trer då mosen ihop i karmen og tar den bort etterpå.

Ein ber mosen bort til haugen (karmen) i faget eller på bærer (F.O.E. har sjølv aldri brukt bære). Desse kan vera frosna på ymis vis, men oftast er det to stenger langsetter og så høveler mange tverrstenger med strisekk over og gjerne med på. (2)

Det skal bare vera eit lass i ein haug. Ein tek ikkje nennare omsyn til sneen når ein plaserar haugane.

Det hender det vert sett eit merke på moshaugane, men vanleg er det ikkje.

8. Så snart haugane hev sprekt saman, vert dei på ein stad. Ein stiller dei då slik at dei er lette å velte (bikka) over på høyrevogna ein skal henta dei med. For vant dei alltid sett på eine langsida, og dei som

brukar store haugar ~~XXXX~~ k eller lass, er nøydd til å gjera det ennå. På Elgshøen nyttar dei mindre haugar og har i den siste tida sett dei på sluttenden ved lunninga, det er då lettare å lesse på ved heimkjøringa. Etter det F.O.E. veit, er det verre på Elgshøen dei gjer det slik.

Måsså-lunnen vert lagt slik at han ikkje snør ned. Det er ikkje vanleg å setja merke på moselunnen.

På Elgshøen kjører dei heim heile moselunnen så fort råd er, andre gjer det ettersom dei får tid og treng mose. Mosen vert kjørd heim på slep (ein slags slede med skjeker som er bøyde bak.} Humulen på skjekene er med ein tapp fest til fremste tverrstanga på slepet slik at dette hviler på bøygen i skjene; dei jener som meinar og er oftast skodde med tannarstenger. Sakenden på slepet ligg på bakken): Ein legg fleire haugar ~~XXXX~~ eller lass til tvers på slepet og fester det med bendstang over. Ein kjører óg med sla, kan ta fleire haugar på den óg.

9. Ukjent.

10. Mosen vert lagt i haug utanfor fjaset. Etter kvart som ein treng det, tar ein inn i fjaset til opp-tining. Då deler ein opp haugane eller lassa.

11. Alle husdyra utan hesten får mose.

Dei får mosen åleine, men får fekk dei han av og til saman med bestemøkk.

12. Mosen vert rekna for godt fórr. Kretterna likar han godt, og den gir mykje men kanskje litt tynn melk. Det vert nå rekna 7kg. mose på eix fóreinving, av høy 21/2kg. dersom ein skal bruka mykje mose, må ein gi tilskot av eggevittefór (sildemjøl). Kjenner ikkje til korleis dette vart gjort tidlegare, nokre animalsk tilskot til fóret vart iallfall ikkje nytta i Trysil.

Annan mose.

1. Det var vanleg å sanka brødmose (islandsk lav) til grisen. Det vart kokt graut på den.

2. Lav av gran og bjerk vart nytta til sauer og reiter. Ein hogg ned tree, drog heim kvistene og la dei i bingen. Dei tok lauvet først og sidan kvistene så langt dei rådde med det. Lav vart brytt om våren for å skøyta på. Geita er svært glad i lav på tree, tar det om sommaren óg, i skogen.